SAUDA KOMMUNE

Det kgl justis- og beredskapsdepartement

Deres ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
13/4482 AaS	11/6-23/13/9388/Jostein Overskeid	X26	19.09.2013

NOU 2013-9, Ett politi - rustet til å møte fremtidens utfordringer - uttale frå Sauda kommune

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Forslag til vedtak:

Struktur - organisering

Som distriktskommune har me i Sauda opplevd at omorganiseringa som har skjedd i politiet seinare år, har ført til ei uheldig utvikling. Det har vore eit større fråver i situasjonar der ein treng polititenestene. Patruljane som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange tilfelle har ført til monaleg lengre utrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi der og når lovbrot har skjedd.

Sauda kommune meiner at endringane i struktur og organisering som er foreslått i NOU 2013-9, er heilt nødvendige. Dette for å kunna ha tilstrekkeleg politidekning og for å kunna gi eit effektivt lokalt politi, gode nok politimessige publikumstenester lokalt og slik at tenestestadene kan driva effektiv førebygging og sikra lov og orden. Endringane vil i større grad kunna gi oss eit politi tilgjengelig der og når kriminalitet skjer og når publikum har behov for polititenester.

Overføring av oppgåver

Sauda kommune meiner vidare det er naturleg og rett å frigjera politiet for dei sekundære oppgåvene som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der t.d. lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre òg var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Det synest òg naturleg med dei oppgåvene utvalet har foreslått overført til kommunane som har oppgåver som ligg nært i karakter og der det til ei viss grad er kompetanse. Det er likevel viktig å peika på at politiet har måtta brukt ein del ressurser på desse oppgåvene. Det er viktig at det saman med oppgåvene følgjer med ressurser til eventuelle investeringar og til drift for utføring.

18.09.2013 KOMMUNESTYRET

Følgjande representantar tok ordet i saka:

- Eirik Birkeland, SP
- Laila Stødle, H

- Aud Jorunn Nymark, AP
- Knut Saua, V
- Ivar Tangeraas, H – ba om 5 minutter.
- Bernt Egil Strømme, KrF

Følgjande fellesforslag vart lagt fram:

Struktur organisering
Som distriktskommune har me i Sauda opplevd at omorganiseringa som har skjedd i politiet seinare år, har ført til ei uheldig utvikling. Det har vore eit større fråver i situasjonar der ein treng polititenestene. Patruljane som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange tilfelle har ført til monaleg lengre utrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi der og når lovbrot har skjedd.

Sauda geografiske plassering med store og raske endringar i befolkningsmengden i høgtidene, samt det faktum at me samferdselsmessig tidvis er avskorne frå omverda, gjer det påkrevd å ha eit oppegåande politikontor med god beredskap.

Sauda kommune meiner at endringane i struktur og organisering som er foreslått i NOU 2013-9, er heilt nødvendige.og forventer at endringane fører til betra tenestilbod i distriktet. Tilstrekkeleg politidekning, effektivt lokalt politi med kortare utrykkingstider, gode nok publikumstenester lokalt og slik at tenestestadene kan driva effektiv førebygging og sikra lov og orden. Me forventer oss eit politi som er tilgjengelig der og når kriminalitet skjer og når publikum har behov for polititenester.

Sauda kommune ser at store politiressursar blir brukt til transport. Ei optimalisering av varetektsfengsel og vanlige fengselsseller på Haugalandet er nødvendig for å frigjera politiressursar.

Overføring av oppgåver
Sauda kommune meiner vidare det er naturleg og rett å frigjera politiet frå mange av dei sekundære oppgåvene som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der t.d. lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre òg var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Sauda kommune ser det som særs viktig å behalda muligheten for å skriva ut pass i kommunen.

Det synest òg naturleg med dei oppgåvene utvalet har foreslått overført til kommunane som har oppgåver som ligg nært i karakter og der det til ei viss grad er kompetanse. Det er likevel viktig å peika på at politiet har måtta brukt ein del ressursar på desse oppgåvene. Rapporten seier lite om kva konsekvensar dette vil ha for dei lokale politikontora og ikkje minst for fagetatane som skal overta oppgåvene. Dette må utgreiast nærare. Sauda kommune forventar at det saman med oppgåvene følgjer med friske ressursar til eventuelle investeringar og til drift for utføring.

KOM-072/13 VEDTAK:

Samrøystes.

Struktur organisering
Som distriktskommune har me i Sauda opplevd at omorganiseringa som har skjedd i politiet seinare år, har ført til ei uheldig utvikling. Det har vore eit større fråver i situasjonar der ein treng polititenestene. Patruljane som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange

tilfelle har ført til monaleg lengre utrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi der og når lovbrot har skjedd.

Sauda geografiske plassering med store og raske endringar i befolkningsmengden i høgtidene, samt det faktum at me samferdselsmessig tidvis er avskorne frå omverda, gjer det påkrevd å ha eit oppegåande politikontor med god beredskap.

Sauda kommune meiner at endringane i struktur og organisering som er foreslått i NOU 2013-9, er heilt nødvendige.og forventer at endringane fører til betra tenestilbod i distriktet. Tilstrekkeleg politidekning, effektivt lokalt politi med kortare utrykkingstider, gode nok publikumstenester lokalt og slik at tenestestadene kan driva effektiv førebygging og sikra lov og orden. Me forventar oss eit politi som er tilgjengelig der og når kriminalitet skjer og når publikum har behov for polititenester.

Sauda kommune ser at store politiressursar blir brukt til transport. Ei optimalisering av varetektsfengsel og vanlige fengselsseller på Haugalandet er nødvendig for å frigjera politiressursar.

Overføring av oppgåver
Sauda kommune meiner vidare det er naturleg og rett å frigjera politiet frå mange av dei sekundære oppgåvene som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der t.d. lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre òg var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Sauda kommune ser det som særs viktig å behalda muligheten for å skriva ut pass i kommunen.

Det synest òg naturleg med dei oppgåvene utvalet har foreslått overført til kommunane som har oppgåver som ligg nært i karakter og der det til ei viss grad er kompetanse. Det er likevel viktig å peika på at politiet har måtta brukt ein del ressursar på desse oppgåvene. Rapporten seier lite om kva konsekvensar dette vil ha for dei lokale politikontora og ikkje minst for fagetatane som skal overta oppgåvene. Dette må utgreiast nærare. Sauda kommune forventar at det saman med oppgåvene følgjer med friske ressursar til eventuelle investeringar og til drift for utføring.

Ein viser elles til vedlagte saksforarbeid.

Med helsing
Rådmannsstab

Jostein Overskeid
plan- og beredskapskoordinator

Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	**Utval**	**Møtedato**
072/13	Kommunestyret	

Arkivkode	**Sakshandsamar**	**Arkivsak**
X26	Jostein Overskeid	11/6

NOU2013:9, Ett politi - rustet til å møte fremtidens utfordringer - uttale frå Sauda kommune

Forslag til vedtak:

Struktur - organisering
Som distriktskommune har me i Sauda opplevd at omorganiseringa som har skjedd i politiet seinare år, har ført til ei uheldig utvikling. Det har vore eit større fråver i situasjonar der ein treng polititenestene. Patruljane som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange tilfelle har ført til monaleg lengre utrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi der og når lovbrot har skjedd.

Sauda kommune meiner at endringane i struktur og organisering som er foreslått i NOU 2013-9, er heilt nødvendige. Dette for å kunna ha tilstrekkeleg politidekning og for å kunna gi eit effektivt lokalt politi, gode nok politimessige publikumstenester lokalt og slik at tenestestadene kan driva effektiv førebygging og sikra lov og orden. Endringane vil i større grad kunna gi oss eit politi tilgjengelig der og når kriminalitet skjer og når publikum har behov for polititenester.

Overføring av oppgåver
Sauda kommune meiner vidare det er naturleg og rett å frigjera politiet for dei sekundære oppgåvene som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der t.d. lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre òg var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Det synest òg naturleg med dei oppgåvene utvalet har foreslått overført til kommunane som har oppgåver som ligg nært i karakter og der det til ei viss grad er kompetanse. Det er likevel viktig å peika på at politiet har måtta brukt ein del ressurser på desse oppgåvene. Det er viktig at det saman med oppgåvene følgjer med ressurser til eventuelle investeringar og til drift for utføring.

18.09.2013 KOMMUNESTYRET

Følgende representanter tok ordet i saka:

- Eirik Birkeland, SP
- Laila Stødle, H
  Aud Jorunn Nymark, AP

Knut Saua, V
Ivar Tangeraas, H – ba om 5 minutter.
Bernt Egil Strømme, KrF

Følgjande fellesforslag vart lagt fram:

Struktur organisering

Som distriktskommune har me i Sauda opplevd at omorganiseringa som har skjedd i politiet seinare år, har ført til ei uheldig utvikling. Det har vore eit større fråver i situasjonar der ein treng polititenestene. Patruljane som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange tilfelle har ført til monaleg lengre utrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi der og når lovbrot har skjedd.

Sauda geografiske plassering med store og raske endringar i befolkningsmengden i høgtidene, samt det faktum at me samferdselsmessig tidvis er avskorne frå omverda, gjer det påkrevd å ha eit oppegåande politikontor med god beredskap.

Sauda kommune meiner at endringane i struktur og organisering som er foreslått i NOU 2013-9, er heilt nødvendige.og forventer at endringane fører til betra tenestilbod i distriktet. Tilstrekkeleg politidekning, effektivt lokalt politi med kortare utrykkingstider, gode nok publikumstenester lokalt og slik at tenestestadene kan driva effektiv førebygging og sikra lov og orden. Me forventer oss eit politi som er tilgjengelig der og når kriminalitet skjer og når publikum har behov for polititenester.

Sauda kommune ser at store politiressursar blir brukt til transport. Ei optimalisering av varetektsfengsel og vanlige fengselsseller på Haugalandet er nødvendig for å frigjera politiressursar.

Overføring av oppgåver

Sauda kommune meiner vidare det er naturleg og rett å frigjera politiet frå mange av dei sekundære oppgåvene som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der t.d. lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre òg var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Sauda kommune ser det som særs viktig å beholde muligheten for å skriva ut pass i kommunen.

Det synest òg naturleg med dei oppgåvene utvalet har foreslått overført til kommunane som har oppgåver som ligg nært i karakter og der det til ei viss grad er kompetanse. Det er likevel viktig å peika på at politiet har måtta brukt ein del ressursar på desse oppgåvene. Rapporten seier lite om kva konsekvensar dette vil ha for dei lokale politikontora og ikkje minst for fagetatane som skal overta oppgåvene. Dette må utgreiast nærare. Sauda kommune forventar at det saman med oppgåvene følgjer med friske ressursar til eventuelle investeringar og til drift for utføring.

KOM-072/13 VEDTAK:

Samrøystes.

Struktur organisering

Som distriktskommune har me i Sauda opplevd at omorganiseringa som har skjedd i politiet seinare år, har ført til ei uheldig utvikling. Det har vore eit større fråver i situasjonar der ein treng polititenestene. Patruljane som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange tilfelle har ført til monaleg lengre utrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi der og når lovbrot har skjedd.

Sauda geografiske plassering med store og raske endringar i befolkningsmengden i høgtidene, samt det faktum at me samferdselsmessig tidvis er avskorne frå omverda, gjer det påkrevd å ha eit oppegåande politikontor med god beredskap.

Sauda kommune meiner at endringane i struktur og organisering som er foreslått i NOU 2013-9, er heilt nødvendige.og forventer at endringane fører til betra tenestilbod i distriktet. Tilstrekkeleg politidekning, effektivt lokalt politi med kortare utrykkingstider, gode nok publikumstenester lokalt og slik at tenestestadene kan driva effektiv førebygging og sikra lov og orden. Me forventar oss eit politi som er tilgjengelig der og når kriminalitet skjer og når publikum har behov for polititenester.

Sauda kommune ser at store politiressursar blir brukt til transport. Ei optimalisering av varetektsfengsel og vanlige fengselsseller på Haugalandet er nødvendig for å frigjera politiressursar.

Overføring av oppgåver

Sauda kommune meiner vidare det er naturleg og rett å frigjera politiet frå mange av dei sekundære oppgåvene som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der t.d. lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre òg var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Sauda kommune ser det som særs viktig å beholde muligheten for å skriva ut pass i kommunen.

Det synest òg naturleg med dei oppgåvene utvalet har foreslått overført til kommunane som har oppgåver som ligg nært i karakter og der det til ei viss grad er kompetanse. Det er likevel viktig å peika på at politiet har måtta brukt ein del ressursar på desse oppgåvene. Rapporten seier lite om kva konsekvensar dette vil ha for dei lokale politikontora og ikkje minst for fagetatane som skal overta oppgåvene. Dette må utgreiast nærare. Sauda kommune forventar at det saman med oppgåvene følgjer med friske ressursar til eventuelle investeringar og til drift for utføring.

Sauda, 03 09 2013

Wictor Juul
rådmann

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.06.2013	1355_001.pdf (L)(171090).pdf	164518

Samandrag:

8. november 2012 sette regjeringa eit utval for å analysera utfordringane i norsk politi som grunnlag for ein langsiktig plan for vidareutvikling av politiet.

Analysen blei levert til justis- og beredskapsminister Grete Faremo den 19.6. i år i form av ein NOU; **NOU 2013:9**. Dokumentet er sendt ut på brei høyring med høyringsfrist til 1. oktober 2013.

Utvalet meiner at grunnleggande utviklingstrekk i samfunnet utfordrar den norske politimodellen og stiller nye krav til kva som er en god polititeneste. Det er venta større geografiske forskjellar i omfang av kriminalitet, type av kriminalitet og andre saker politiet er forventa å handtera. Analysen avdekker at politiet har eit vanskelig utgangspunkt for å møta utfordringane. Det er store variasjonar i korleis politiet er organisert, på kvalitet og effektivitet i oppgåveløysinga, samt korleis politidistrikta prioriterer og innrettar tenestene.
Utvalet meiner òg at politiet i dag heller ikkje er dyktige nok til å læra, utvikla og forbetra eiga verksemd og at etaten ikkje er godt nok organisert, styrt og leia for å møta denne utviklinga.

For å utvikla eit politi som kan møta utfordringane, tilrår utvalet gjennomført to reformer i norsk politi; ei strukturreform og ei kvalitetsreform. Det er strukturreforma vil berøra kommunane direkte gjennom tilførte oppgåver frå politiet og gjennom endring i talet på og organisering av tenestestader.

For å etablera ei effektiv styring og utvikling av etaten, gjer utvalet framlegg om å organisera politiet i ein regionsmodell med 6 politidistrikt og med ein monaleg reduksjon i tenestestader under desse. Det foreslår òg å styrka den lokale strukturen gjennom auka politibemanning og færre av dei små tenestader.

Tenestestadene i Sauda og i Suldal er begge foreslått tatt vare på og utvikla vidare som ein effektiv etat.

Rådmannen tilrår kommunestyret å gå inn for både den foreslåtte regionsmodellen og for overføring av politiet sine sekundæroppgåver.

Fakta:

8. november 2012 sette regjeringa eit utval for å analysera utfordringane i norsk politi. Mandatet var å gjennomføra ei analyse som skal danna grunnlag for ein langsiktig plan for vidareutvikling av politiet. Den skulle peika på forslag til forbetringspunkt og tiltak for å legga til rette for betre løysing på ulike oppgåver og ein meir effektiv ressursbruk i politiet,

Analysen blei levert til justis- og beredskapsminister Grete Faremo den 19.6. i år i form av ein NOU; NOU 2013:9. Dokumentet er omfattande med over 300 sider og vurdert til å vera ein svært grundig gjennomgang av norsk politi. Utvalet foreslår omfattande endringar.

Dokumentet er sendt ut på brei høyring, mellom anna til alle kommunar. Høyringsfristen er sett til 1. oktober 2013, jfr vedlagde høyringsbrev.

Utvalet meiner at grunnleggande utviklingstrekk i samfunnet utfordrar den norske politimodellen og stiller nye krav til kva som er en god polititeneste. Politiet utfører ein del av staten sine funksjonar som er av grunnleggande betydning både for den enkelte sin sikkerhet og for utviklinga av eit lovlydig og

velfungerande samfunn. Politiet skal førebygga og nedkjempa kriminalitet og skapa trygghet for befolkninga. Føresetnadene for å kunna utføra dette svært viktige samfunnsoppdraget er endra.

- Sjølv om kriminaliteten går ned, blir den samtidig meir organisert og kompleks.
- Informasjons- og kommunikasjonsteknologi dannar stadig oftare både ein arena og eit virkemiddel for kriminalitet.
- Befolkninga aukar, den blir meir heterogen og konsentrert geografisk.

Det er venta ytterligare forsterkning i geografiske forskjellar i omfang av kriminalitet, type av kriminalitet og andre saker politiet er forventa å handtera i framtida. Samtidig har heile befolkninga krav på polititeneste med lik kvalitet. Analysen avdekker at politiet i dag har eit vanskelig utgangspunkt for å møta desse utfordringane. Det er store variasjonar i korleis politiet er organisert, på kvalitet og effektivitet i oppgåveløysinga, samt korleis politidistrikta prioriterer og innrettar tenestene. Utvalet meiner òg at politiet i dag heller ikkje er dyktige nok til å læra, utvikla og forbetra eiga verksemd.

Det legg vidare fram at politiet ikkje er godt nok organisert, styrt og leia for å møta denne utviklinga. Det peiker på at underliggande årsak til utfordringane er todelt.

1. Politiet har ikkje fått rammevilkår som er nødvendige for å kunna styra, leia og utvikla verksemda på ein måte som svarer best mulig til oppgåvene.
2. Politiet har ikkje evna å utnytta dei muligheter som faktisk finnes.

For å utvikla eit betre og meir effektivt politi må det få større handlingsrom til å organisera, styra og leia verksemda. Samtidig må politiet si eiga evne til å gjera nettopp dette òg betrast. I framtida må politiet kunna møte meir komplisert, alvorlig og grenseoverskridande kriminalitet og samtidig levera god polititeneste der folk bur. For å utvikla eit politi som kan møta dette, tilrår utvalet gjennomført to reformer i norsk politi; ei strukturreform og ei kvalitetsreform.

- **Strukturreforma** har som mål å frigjera ressurser til løysing av kjerneoppgåvene og legge føresetnader for eit kompetent og robust lokalt politi samt robuste fagmiljø og spesialistar regionalt og nasjonalt. Strukturreforma omfattar forslag om endringar i oppgåvene til politiet og ny struktur og organisering av politiet.
- **Kvalitetsreforma** har som mål å utvikla eit kunnskapsbasert og effektivt politi med evne til kontinuerlig forbetring og utvikling. Kvalitetsreforma vil omfatta forbetringar i styring og leiingsprosessar samt forbetringar knytt til kvalitet og prestasjonar.

Sjølv om struktur- og kvalitetsreforma er framstilt som to fråskilde reformer, strekar utvalet under at dei i stor grad både heng saman, og til ei viss grad dannar føresetnader for kvarandre.

Ei effektiv løysing av kjerneoppgåvene stiller høge krav til spesialisering, fagkompetanse, kontinuerlig læring og utvikling i heile organisasjonen. Disse krava blir like mykje skjerpa for lokalt politiet som for dei spesialiserte einingane og fagmiljøa. Utfordringa framover blir å sikra

- eit kompetent og effektivt lokalt politi der folk bur – og samtidig utvikla robuste spesialistmiljø.
- at det lokale politiet og spesialistmiljøa fungerer effektivt saman som éin organisasjon.

Eit kompetent lokalt politi er ein føresetnad for at spesialistmiljøa skal fungera godt.

Utvalet meiner vidare at tilleggsoppgåvene til politiet bind opp for mykje ressurser og trekker merksemda bort frå kjerneoppgåvene. Struktur og organisering legg ikkje godt nok til rette for å utvikla verken spesialistmiljø eller eit effektivt og kompetent lokalt politi.

Eksisterande organisering i 27 politidistrikt gir ikkje det nødvendige grunnlaget for å utvikla spesialistfunksjonar og kapasiteter til å handtera større og alvorlige saker og hendingar godt nok. Det er berre i dei få store politidistrikta grunnlaget er på plass og robuste spesialistmiljø og -funksjonar kan utviklast og bevarast. Det er store forskjellar mellom politidistrikta i størrelse, volum, og kriminalitetsomfang. Det gir eit dårlig grunnlag å bygga eit felles kunnskapsgrunnlag, prosedyrer og metodar på. Organiseringa gjer det vanskelig å etablera ei effektiv styring og utvikling av etaten. Politiet bør derfor organiserast i færre og større politidistrikt. Utvalet tilrår seks politidistrikt.

Utvalet viser òg til at eksisterande lokale struktur ikkje gir eit effektivt lokalpoliti eller gode nok publikumstenester lokalt. Den lokale strukturen er i mange tilfeller eit hinder for politiet sin mulighet til å driva effektiv førebygging, sikra lov og orden og tilby ein god polititeneste lokalt. Mange små tenestestader med få tilsette, knytt opp i andre gjeremål enn kjerneoppgåvene, gir verken effektiv førebygging, god

responsevne eller effektiv kriminalitetsnedkjemping. Det skaper derfor også i liten grad trygghet for befolkninga. Effektiv løysing av politiet sine kjerneoppgaver lokalt, er først og fremst eit spørsmål om dei arbeidsmetodar som blir nytta, kva kompetanse tilsette har, tilgjengeleg systemunderstøtting og sist, men ikkje minst, politi tilgjengelig der og når kriminalitet skjer og publikum har behov for polititenester. Den lokale strukturen må derfor styrkast gjennom auka politibemanning og færre små tenestader.

Vurdering:

Det er nok gjennomføring av endringar i politiet sin oppgåveportefølje og organisering og ny inndeling av politidistrikt/tenestestader som vil merkast først for kommunane.

Oppgåveporteføljen

Politiet utfører ein del av staten sine funksjoner som er av grunnleggande betydning både for den enkelte sin sikkerhet og for utviklinga av eit lovlydig og velfungerande samfunn. I tillegg har dei ei rekke oppgåver innan forvaltning og sivilt rettsstell. Vidare er det òg oppgåver som er gitt ved føresegner i andre lover enn politilova §§ 1 og 2.

Utvalet meiner oppgåveporteføljen bør spissast inn for å gi politiet mulighet til å løysa kjerneoppgåvene på best mulig måte. Det har framlagt korleis kvar einskild oppgåve kan utførast på ein måte som oppfyller krava til tilgjenge for publikum samt kvalitet og kompetanse i utføringa av oppgåvene.

Potensielle mottakarar er identifisert basert på ei vurdering av formål og innhald i oppgåvene. I vurderinga er det lagt vekt på krav til kompetanse for å kunne løysa oppgåva og krav til plassering av dei oppgåvene som må utførast lokalt. Det er òg sett på korleis desse oppgåvene blir løyst i samanliknbare land, og forslaga er kvalitetssikra med Politidirektoratet. Einskilde av dei framlagde endringane vil kreva lov- og/eller forskriftsendringar. Utvalet presiserer at dei synliggjer eit mulighetsrom for korleis oppgåvene kan organiserast på en meir tenleg måte, men at Justis- og beredskapsdepartementet eventuelt må utgreia dette nærmare.

Tabell 11.3 Oversikt over mulige overføringar av polisiære[1] oppgåver og straffeforfølgning

Oppgaver, polisiære og straffeforfølgning	Beholdt	Delvis beholdt	Ikke beholdt	Mulig ansvarlig etat
Transport av varetektsfanger		V		Kriminalomsorgen
Fremstillingsfunksjon		V		Kriminalomsorgen
Barnehus [2]			V	Barnevernet eller helsevesenet
Transport av psykisk syke[3]			V	Helsevesenet
Ivareta personer som er overstadig beruset			V	Helsevesenet og/eller kommunen

Tabell 11.4 Oversikt over mulige overføringar av forvaltningsoppgåver

Forvaltningsppgaver	Beholdt	Delvis beholdt	Ikke beholdt	Mulig ansvarlig etat
Våpenforvaltning	V			
Uttalelse om skjenkebevillinger	V			
Arrangementer og demonstrasjoner	V			
Utlendingsforvaltning (førstelinje saksbehandling og uttransportering)			V	Utlendingsdirektoratet
Utstede politiattester	V			

[1] *Polisiær verksemd* er ei form for sekundær kontroll med hovudformål å oppretthalde orden og sikkerhet i samfunnet.

[2] Statens Barnehus er eit statleg tilbud til barn og pårørande som møter rettsvesenet etter å ha blitt utsett for vald eller seksuelle overgrep. Dei fungerer i tillegg som kompetanserådgivarar innafor sitt felt til øvrig hjelpeapparat. Det er etablert i åtte byer i Noreg. I tillegg er det beslutta oppretta 2 nye i 2013.

[3] Ansvaret ligg til helsevesenet i dag, men ofte er det politiet som utfører oppgåva.

Forvaltningsppgaver	Beholdt	Delvis beholdt	Ikke beholdt	Mulig ansvarlig etat
Utstede og tilbakekalle pass			V	Skatteetaten (folkeregisteret)
Skiltmyndighet			V	Statens vegvesen
Førerkort (kontrollere, beslaglegge og inndra)	V			
Kjøresedler		V		Statens vegvesen
Håndtere hittegods			V	Kommunal eller privat virksomhet
Håndtere vrak			V	Kommunalt, fylkeskommunalt eller privat
Godkjenne vaktselskaper og ordensvakter		V		Brønnøysundregisteret
Godkjenne brukthandler			V	Kommunalt
Håndtere løshunder og forbud mot farlige hunder			V	Mattilsynet eller kommune
Motta varsel om kremering	V			

Tabell 11.5 Oversikt over mulige overføringar av sivil rettspleie og namsfunksjonar

Oppgaver, sivil rettspleie og namsfunksjoner	Beholdt	Delvis beholdt	Ikke beholdt	Mulig ansvarlig etat
Utleggsforretninger			V	Statens innkrevingssentral
Tvangssalg			V	Statens innkrevingssentral
Tilbakeleveringsforretning			V	Statens innkrevingssentral
Ulike tvangsdekningsforretninger			V	Statens innkrevingssentral
Fravike fast eiendom			V	Statens innkrevingssentral
Lensmannsskjønn			V	Jordskifteretten
Naturskadeskjønn			V	Statens landbruksforvaltning
Sekretariatsfunksjon i forliksrådet			V	Kommunalt
Gjeldsordning			V	NAV-kontorene eller Statens innkrevingssentral
Hovedstevnevitne	V			
Notarius publicus			V	Domstolsadministrasjonen, evt. private virksomheter
Skiftebehandling			V	Tingretten delegerer til bobestyrere

Alternative modellar
Som alternativ til eksisterande modell med 27 politidistrikt, jfr figuren til høgre, har utvalet identifisert tre alternative politidistriktsmodellar med forskjellig størrelse og med det forskjellig tal på politidistrikt. Modellane er fylkesmodellen, mellommodellen, og regionsmodellen.

Fylkesmodellen har 18 politidistrikt. Denne modellen er utvikla for å skapa mest mulig samsvar mellom politidistrikta og fylkesinndelinga, med unntak av Agderfylka og Asker og Bærum





Mellommodellen har ti politidistrikt og er etablert som eit mellomalternativ då forskjellane mellom regionsmodellen og fylkesmodellen er relativt store. Dette alternativet er utvikla med utgangspunkt i Noregs bu- og arbeidsmarknadsregionar korrigert for geografiske avstandar, befolkning og kriminalitetsbilde.

Regionsmodellen har seks politidistrikt og er utvikla for å skapa store og bærekraftige politidistrikt, og å skapa mest mulig likearta politidistrikt med omsyn til bl.a. størrelse, befolkning og kriminalitet.



Kriteria som er lagt til grunn for vurderingane av framtidig politidistriktsmodell
Utvalet har utvikla eit sett kriterium for vurdering av alternative modellar for ny politidistriktsstruktur. Kriteria gjeld uavhengig av modellane nemnt ovanfor, og skisserer kva eit politidistrikt bør kunna handtera, korleis det bør organiserast og styrast, og kva krav som skal stillast til effektivitet og kvalitet. Dei spesifikke kriteria er delt inn i følgjande fire kategoriar:

1. Robuste politidistrikt med tilstrekkelig kapasitet til å etablera kompetent leiing og fagmiljø med spesialisert kompetanse.
2. Likskapleg organisering ved at politidistrikta er nokolunde lik store med omsyn til innbyggarar, oppgåver, budsjett og personell som gjer mulig ei mest mulig lik organisering av politidistrikta.
3. Styring og leiing av etaten totalt og innanfor kvart politidistrikt gjennom hensiktsmessig kontrollspenn i etaten og innan kvart politidistrikt.
4. Effektiv ressursutnytting til administrasjon, drift og leiing i politidistrikta og dermed mulighet til å frigjera ressurser til politioperativt arbeid.

Utvalet si samla vurdering av dei alternative modellane

Samla sett vil berre regionsmodellen oppfylla kriteria utvalet har sett for robuste politidistrikt, mens halvparten av politidistrikta i mellommodellen oppfyller dei. I fylkesmodellen, med 18 politidistrikt, er det store forskjellar mellom politidistrikta, og fleirtalet har store manglar med omsyn til å oppfylla kriteria for eit robust politidistrikt, jfr figuren til høgre.



Når det gjeld en einskapleg organisering av etaten, kjem regionsmodellen best ut, følgt av mellommodellen. Begge modellar legg til rette for relativt like politidistrikt som kan organiserast på einskapleg måte, sjølv om det i mellommodellen er noko større forskjell mellom politidistrikta. Fylkesmodellen legg ikkje til rette for einskapleg organisering ettersom den inneber fleire små distrikt som det ikkje er hensiktsmessig å organisera på same

måte som dei største. Fylkesmodellen vil ha mange av dei same ulemper som dagens struktur med 27 politidistrikt.

Utvalet går så langt at dei seier den lokale struktur (politistasjons- og lensmannsdistrikt) er eit reelt hinder for politiet sin mulighet til å driva effektiv førebygging, sikra lov og orden og tilby ein god polititeneste lokalt. Formålet med endringane utvalet foreslår på lokal struktur, saman med ei spissing av oppgåvene, er å skape meir politikraft og yta betre polititenester for landets befolkning.
Utvalet tilrår at det lokale politiet blir styrka med auke i politibemanning og samanslåing av små tenestestader. Ei samanslåing gjer det mulig å:

- redusera delen av politibemanninga som er bunde opp til opningstida på kontora
- etablera større og meir robuste fagmiljø og tenestestader lokalt
- redusera administrative kostnader knytt til drift av tenestestader, inkludert administrativt tilsette og eigedomskostnader

Dette legg føresetnadene på plass for følgjande resultat:

- Politiet si bemanning blir styrka lokalt. Reduserte administrative utgifter og husleige kan omdisponerast til auka bemanning.
- Oppgåveløysinga lokalt blir meir effektiv. Fleire tilsette på tenestestaden vil legga grunnlaget for auka effektivitet.
- Det blir mulig å utvikla betre lokal fagekspertise med spesielt tilpassa ressursar innan viktige område som førebygging og etterforsking.
- Politiet er meir tilstades lokalt og får betre respons gjennom auke i døgnkontinuerlig teneste og meir effektive lokale beredskapsordningar.
- Politiet får betre beredskap og auka evne til å kunna handtera fleire oppdrag parallelt, og om nødvendig omprioritere mellom oppdraga ved behov. Særlig ved større ulykker eller alvorlig kriminalitet vil mulighetene til å disponere nok ressurser lokalt vera avgjerande.
- Tilgjenge for publikum vil kunna bli betre gjennom auka opningstid på eit færre tal tenestestader.

Utvalet seier vidare at å utvikla den lokale strukturen for å gi effektane nemnt ovanfor, er ei oppgåve som krev god innsikt i lokale forhold og muligheter. Den endelege strukturen bør difor utformast i politidistrikta i samarbeid med Politidirektoratet, og med involvering av relevante samarbeidspartar og kommunar. Utvalet har likevel gått eit stykke i vurderingane.

Basert på data dei har henta inn og analysert vil 203 tenestestader med til saman 1.644 patruljesoner møte dei kriteria som er lagt til grunn. Av disse 203 tenestestader er det 65 som i dag ligger i nært ein tingrett. Ytterligare fire tenestestader har meir enn 100 tilsette. Utvalet har lagt til 14 tenestestader for å sikra god dekning på stader med betydelig befolkningsgrunnlag og som ligg langt frå andre befolkningssentra, men som ikkje oppfyller kriteria i modellen. Figur 12.32 i utgreiinga (vist under)viser fordelinga (grønne sirklar), samt tenestestader som ikkje er nødvendige for å imøtekomma kriteria (raude sirklar).

Kartet (neste side) i høyringsdokumentet, både PDF-fila og på nettsida, har svært dårleg opplysing, men pilene viser til tenestestadene i Sauda og Suldal som begge er markert med grønne sirklar. Det vil seia at utvalet meiner desse tenestestadene må oppretthaldast og utviklast.



Konklusjon:
Det er eit svært omfattande og grundig dokument som er sendt ut på høyring. Utvalet gjer forslag til omfattande endringar. For vår del, i Sauda, vil ein nok merka best endringane i struktur og organisering samt oppgåvene som er foreslått overført til kommunane/helsevesenet.

Struktur - organisering

Etter rådmannen sitt syn, er endringane i struktur og organisering heilt nødvendige for å kunna ha tilstrekkeleg politidekning og for å kunna gi eit effektivt lokalt politi, gode nok publikumstenester lokalt og slik at tenestestadene kan driva effektiv førebygging og sikra lov og orden. Dette vil gi oss eit politi tilgjengelig der og når kriminalitet skjer og når publikum har behov for polititenester. Som distriktskommune har me opplevd at omorganiseringa som har skjedd i politiet seinare år, har ført til ei uheldig utvikling. Det har vore eit større fråver i situasjonar der ein treng tenestene. Patruljene som har vakt må tena større distrikt, noko som i mange tilfelle har ført til monaleg lengre utrykkingstider og det har i fleire akutte situasjonar ikkje vore mogeleg å få på plass politi der og når lovbrot har skjedd. Ei patrulje har for stort dekningsområde. For vår del kan det tenkast at vakthavande patrulje er i t.d. Skånevik eller Erfjord når det er ei hending i Sauda der dei trengs. Rådmannen tilrår kommunestyret å gå inn for regionsmodellen med 6 politidistrikt, i tråd med utvalet sitt forslag.

Overføring av oppgåver
Det synest naturleg og rett å frigjera politiet for dei oppgåvene som er foreslått. Fleire av oppgåvene heng att etter tidlegare tiders organisering, der lensmennene hadde mange sivile oppgåver der nokre òg var av privat karakter. Ei overføring som foreslått vil reindyrka politirolla og føra til meir einskaplege tenestestader og distrikt.

Det synest òg naturleg med dei oppgåvene utvalet har foreslått overført til kommunane som har oppgåver som ligg nært i karakter og der det til ei viss grad er kompetanse. Det er likevel viktig å peika på at politiet har måtta brukt ein del ressurser på desse oppgåvene. Det er viktig at det saman med oppgåvene følgjer med ressurser til eventuelle investeringar og til drift for utføring. Dette er ikkje sagt noko om i utgreiinga, men vil bli eit viktig tema i det vidare arbeid når saka og endeleg modell er vedtatt.

Økonomiske konsekvenser
Rådmannen har ut frå dei opplysningane som ligg føre, og i samråd med lensmannskontora i Sauda og Suldal gjort ei grov vurdering over kva ressursar som trengs dersom kommunen skal få tilført dei føreslåtte oppgåvene. Eit par av oppgåvene vil kreva bygningsmessige endringar. Det er ikkje rekna på kostnad til dette. Elles vil oppgåvene samla truleg føra til ein personellmessig ressursbruk tilsvarande minimum eitt årsverk, jfr tabellen under.

Oppgåver	Mulig ansvarlig etat	Merknad	Ressursbruk
Transport av psykisk sjuke	Helsevesenet	Ansvaret ligger til helsevesenet i dag, men det er ofte politiet som utfører oppgåva.	For Sauda og Suldal er det snakk om rundt ein transport pr veke. • Krev minst 2 personar, kanskje 3.
Ivareta personar som er overstadig rusa	Helsevesen og/eller kommunen		For Sauda og Suldal er det snakk om rundt eitt tilfelle pr mnd. • Bygningsmessige endringar • Tilsyn/vakthald
Handtera hittegods	Kommunal eller privat verksemd	Lov om hittegods	• Mottak og registrering • Undersøka/finna og kontakta eigar • Midlertidig oppbevaring • Sal/auksjon • Administrera finnarlønn
Handtera vrak	Kommunalt, fylkeskommunalt eller privat		• Registrering • Undersøke/finne og kontakte eigar • Midlertidig oppbevaring • Levera til godkjent mottak
Godkjenna brukthandlar	Kommunalt		Eit par tilfelle i året

Oppgåver	Mulig ansvarlig etat	Merknad	Ressursbruk
Handtera laushundar og forbud mot farlige hunder	Mattilsynet eller kommune		Ca eitt tilfelle pr mnd. • Registrering • Undersøka/finna og kontakta eigar • Midlertidig oppbevaring • Levera til godkjent mottak
Sekretariatfunksjon i forliksrådet	Kommunalt		Lensmannen har avsett 10 % årsverk til dette arbeidet i dag.

M
M